



PROTOKOLL

FRÅ

TELEFONSTYREMØTE

28. FEBRUAR 2014

(2/14)

Det blei halde telefonstyremøte i Fiskarlaget Vest fredag 28. februar 2014, kl. 1000.

Følgjande deltok: Kåre Heggebø
Knut Arne Torget
Finn Magnus Alvestad
Helge Olav Vikshåland
Kjell Olav Natterøy (v.m. for Mons Eivind Troland)
Arve Kleppe (v.m for Daniel Stenevik)

Styremedlem Frank Midtbø blei på kort varsel hindra i å delta.

Styremedlem Jarle Glesnes, og hans varamenn, var hindra i å delta.

Leiar i kontrollnemnda Jakob Magnar Jakobsen

Administrasjonen: Dagleg leiar Britt Sæle Instebo

Følgjande saksliste blei lagt fram for styret:

- SAK 09/14 Spørsmål om kompensasjon til fartøy som følgje av stengt EU-sone.
 - SAK 10/04 Innføring av «tax free» kvote ved ankomst frå utlandet.
(Sak frå Karmøy Fiskarlag)
 - SAK 11/14 Regulering av torsk nord – auke av kvoten for fartøy over 11 m i open gruppe?
(Skriv frå fiskarar i Rogaland og Vest-Agder)
 - SAK 12/14 Fritt reiskapsval – diskusjon.
 - SAK 13/14 Bemanningsforskriften.
 - SAK 14/14 Oppgradering av sertifikat – kurs.
 - SAK 15/14 Krepseteiner i reketrålfelt
(Sak frå Sunnhordland Fiskarlag)
 - SAK 16/14 Organisasjonskurs del 1, 24.-25.04.14 – stad.
 - SAK 17/14 Fysisk styremøte.
-

SAK 09/14 SPØRSMÅL OM KOMPENSASJON TIL FARTØY SOM FØLGJE AV STENGT EU-SONE.**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til brev av 25.02.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

I denne saka er det einsskilte fiskeri/fartøy i kvitfisksektoren som er blitt hardt ramma av den pågåande internasjonale konflikten i høve fordeling av makrell, og manglande bilaterale avtale med EU.

Styret meiner at ein må vere restriktive i høve kva fartøygrupper/fiskeri som skal få eventuell kompensasjon i dette tilfellet.

Fartøygrupper/fiskeri som kan føretakast seinare på året må ikkje kome innafør kompensasjonsordninga.

Det vil seie at det er garnflåten sitt fiske etter sei i hovudområde 42, ifølgje oversikt frå Fiskeridirektoratet av 19.02.14, som normalt føregår i februar, som til no er mest skadelidande.

Styret meiner at det kun er fartøy, som kan dokumentere fiske i EU-sona dei siste åra, på denne tida av året, som bør få kompensasjon.

Kompensasjonen må vere ein andel av den kvoten, som i utgangspunktet er sett av til byte med andre land.»

SAK 10/04 INNFØRING AV «TAX FREE» KVOTE VED ANKOMST FRÅ UTLANDET.

(Sak frå Karmøy Fiskarlag)

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til brev av 26.01.14 frå Karmøy Fiskarlag om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det heilt urimeleg at ikkje fiskarar skal kunne ta med seg «Tax free» når dei har vore i utlandet, på lik linje med andre yrkesgrupper.»

SAK 11/14 REGULERING AV TORSK NORD – AUKE AV KVOTEN FOR FARTØY OVER 11 M I OPEN GRUPPE.

(Skriv frå fiskarar i Rogaland og Vest-Agder)

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til skriv av 25.02.14 frå fiskarar i Rogaland og Vest-Agder vedkomande ovannemnde sak.

Kvoten i ope gruppe i 2013 var 30.624 t (av dette 2.344 t avsett til ferskfiskordning), og det var pr. veke 8 fiska 4.741 t (det blei totalt i 2013 levert 1.372 t via ferskfiskordninga).

Av kvoten til ope gruppa stod det att 8.290 t, av dette 972 t til ferskfiskordninga, i 2013.

Kvoten i open gruppe i 2014 er på 28.273 t (av dette 2.344 t avsett til ferskfiskordning). Det er pr. veke 8 fiska 8.326 t (ikkje levert noko via ferskfiskordninga).

Det har vore eit fantasttisk v r i  r under torskefisket, og det er fiska i underkant av 4.000 t meir i  r enn i fjor.

Fart y med faktisk lengde under 11 m har i  r fritt fiske i open gruppe, medan fart y med faktisk lengde over 11 m i same gruppa har ein maksimalkvote p  35 t (garantert kvote 24 t).

Det kan opplysast at det er ei avgrensa fart ymasse med faktisk lengde over 11 m, som har l yve til   delta i open gruppe.

Styret i Fiskarlaget Vest finn p  bakgrunn av regulerings situasjonen i  r   ville be om at maksimalkvoten for fart y med faktisk lengde over 11 m, i open gruppe, snarast blir heva til minimum 50 t.

Ein ber Norges Fiskarlag f lgje opp saka. 

SAK 12/14 FRITT REISKAPSVAL – DISKUSJON.

VEDTAK:

 Styret i Fiskarlaget Vest tar diskusjonen til orientering. 

SAK 13/14 BEMANNINGSFORSKRIFTEN.

VEDTAK:

 Styret i Fiskarlaget Vest tar diskusjonen til etterretning og gjev leiar K re Heggeb , styremedlem Finn Magnus Alvestad og dagleg leiar Britt S le Insteb  fullmakt til   f lgje opp saka med brev til Norges Fiskarlag for oppf lgging. 

SAK 14/14 OPPGRADERING AV SERTIFIKAT – KURS.

VEDTAK:

 Styret i Fiskarlaget Vest tar diskusjonen til etterretning og gjev leiar K re Heggeb , styremedlem Finn Magnus Alvestad og dagleg leiar Britt S le Insteb  fullmakt til   f lgje opp saka med brev til Norges Fiskarlag for oppf lgging. 

SAK 15/14 KREPSETEINER I REKETRÅLFELT
(Sak frå Sunnhordland Fiskarlag)**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til mail av 21.02.14 frå Sunnhordland Fiskarlag om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest uttalte m.a. følgjande i sak 17/13, 05.09.13, «Rapport av april 2013 frå «Arbeidsgruppen fiske i sør»:

11) «Arbeidsgruppen foreslår at i avgrensede perioder kan det innføres havdeling hvor reke-trål har fortrinnsrett.»

Fiskarlaget Vest har ved fleire høve fått henvendingar i høve problematikken om krepseteiner i reke-trålfelt. Felta her vest er slik at reke-trålarane kanskje må drive på mange, men gjere små felt for å i det heile kunne drive reke-tråling her. Dagens regelverk er utforma slik at «første mann til mølla» har rett til å nytte fiskeområdet, sjølv om det i Fiskeridirektoratet sin database er registrert som reke-trålfelt.

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at reke-trålarane i periodar, her vest februar til ut april, skal ha fortrinnsrett til bruk av reke-trålfelta. Slik informasjon må takast med i guiden for fritidsfiskarar.

Fiskarlaget Vest har òg føreslege ovanfor Norges Fiskarlag at fritidsfiskarane må registrere seg/båtane, og at fiskereisepapiret må merkast med dette nummeret.

Administrasjonen blir bede om å ta kontakt med lokallaga, spesielt dei som har tatt opp saka, for å finne representantar for reke-næringa, som kan vere aktuelle til å delta på eit eventuelt møte med Fiskeridirektoratet om saka.»

SAK 16/14 ORGANISASJONSKURS DEL 1, 24.-25.04.14 – STAD.**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest finn å arrangere årets kurs på Augustin Hotel i Bergen.

Det blir sendt ut brev til dei som har meldt seg inn i Fiskarlaget Vest etter 01.01.12 og er født etter 1964.

Det blir sendt kopi av dette brevet til dei som ligg på maillistene våre med oppfordring til påmelding.»

SAK 17/14 FYSISK STYREMØTE.**VEDTAK:**

«Ein tar sikte på å ha fysisk styremøte 23.- 24.04.14 på Augustin Hotel, Bergen.»

Møtet var slutt kl. 1140.

Kåre Heggebø
Leiar

Knut Arne Torget

Finn Magnus Alvestad

Helge Olav Vikshåland

Kjell Olav Natterøy

Arve Kleppe

Britt Sæle Instebø, sekretær

Bergen, 06.03.14

Vår ref. 250 /14/BSI/3.5

Dykkar ref.

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

e-mail

INNFØRING AV «TAX FREE» KVOTE VED ANKOMST FRÅ UTLANDET.

Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 10/14 på sitt telefonstyremøte 28.02.14, og fatta følgjande vedtak:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til brev av 26.01.14 frå Karmøy Fiskarlag om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det heilt urimeleg at ikkje fiskarar skal kunne ta med seg «Tax free» når dei har vore i utlandet, på lik linje med andre yrkesgrupper.»

Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med tollkontoret i Haugesund vedkomande ovannemnde sak.

Ein får der opplyst at fiskarar ikkje har høve til å ta med seg «tax free»-kvote til Norge der dei henviser til § 5-2-1, «Forbruk og salg av proviant om bord i fartøy», pkt 1 og § 4-23-8, «Norske fiske- og fangsfartøy – særlige bestemmelser for tillatelse til proviantering» i Tollforskriften.

Ovannemnde henviser til proviantering, men det er ikkje det det er snakk om i denne saka. Her er det snakk om «tax free»-kvote til eige bruk, og ein stiller seg derfor spørjande til kvifor ikkje § 5-1-1, «Vilkår for tollfritak-verdigrense» og § 5-1-2, «Vilkår for tollfritak – varetyper og mengder» under Kapittel 5, «Tollfritak», § 5-1, «Vare til personlig bruk, Reisegods» i Tollforskriften òg gjeld for fiskarar?

Om det skulle vise seg at ikkje fiskarane kjem inn under paragrafane i høve til «vare til personleg bruk» ber ein om at det blir arbeida for at fiskarane blir handsama «på lik linje med andre yrkesgrupper», slik det står i ovannemnde vedtak.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo

Bergen, 06.03.14

Vår ref. 248/14/BSI/4.4

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

Dykkar ref.

e-mail

BEMANNINGSFORSKRIFTA.

Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 13/14 på sitt telefonstyremøte 28.02.14.

Styret i Fiskarlaget Vest er kjent med at det i Sjøfartsdirektoratet blir arbeida med endring i praktiseringa i høve til bemanning/kviletid for fiskeflåten.

Styret er kjent med at det for andre land rundt Nordsjøbassenget er unntak frå kviletidsbestemmelsane for fiskefartøy (Sverige), og andre stader unntak for fiskeskippere (Danmark).

Ein forutset at størrelsen på sikkerhetsbemanning på dei ulike fartøystørrelsane blir vurdert likt rundt Nordsjøbassenget.

Styret i Fiskarlaget Vest ber Norges Fiskarlag snarast ta tak i saka, og arbeide for at fiskeskippere/fiskefartøy i Norge ikkje får strengare reglar (ikkje blir handheva strengare) enn nabolanda i høve m.a. bemanning/kviletid. Dette av di krav til størrelsen på besetninga grip direkte inn i konkurranseevna til dei fartøya det gjeld.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø

Bergen, 06.03.14

Vår ref. 249/14/BSI/3.1.0

Dykkar ref.

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

e-mail

OPPDATERING AV SERTIFIKAT FOR YRKESFISKARAR

Styret i Fiskarlaget Vest hadde ovannemnde oppe som sak 14/14 på sitt telefonstyremøte 28.02.14.

Ein har fått opplyst at ein treng m.a. følgjande for å oppdatere frå STCW – 95 til STCW-78 med Manila endringar i 2010:

Kurs for Dekksoffiserer:

ECDIS.

AIS.

BRM.

Oppdateringskurs på sikkerhetsopplæring og medisinsk behandling.

Kurs for Maskinoffiserer:

ERM.

Høyspentkurs.

Oppdateringskurs på sikkerhetsopplæring.

Styret i Fiskarlaget Vest er positive til oppdatering innan sikkerhetsopplæring og medisin, men ein stiller seg svært spørjande til om det er naudsynt med mange timar kurs i m.a. AIS, ECDIS og BRM/ERM for dagens fiskarar.

Oppdateringskurs vil vere både tid- og kostnadskrevjande, i tillegg til at dei fleste har erfaring med bruk/ikkje har krav om dei systema (ECDIS) på det fartøyet ein arbeider.

Ein meiner at slike kurs heller bør inngå i utdanninga av nye offiserar/fiskarar.

Ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø